

Saksbehandlar: Erna Romøren
Avdeling: Fylkesrådmannen

Sak nr.: 08/3392-16

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: *

NVE sitt vedtak om avvising av klage frå fylkeskommunen over NVE sitt vedtak om avslag på søknad om bygging av Sandalsfossen kraftverk, Gloppen kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

NVE sitt vedtak av 21.12.09 om avvising av klage frå fylkeskommunen over NVE sitt vedtak av 12.11.09 om avslag på søknad om bygging av Sandalsfossen kraftverk, Gloppen kommune, vert ikkje påklaga til Olje- og energidepartementet.

Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE dags. 21.12.09
2. Brev frå NVE dags. 21.1.10

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn

Fylkesutvalet ga i møte den 26.11.08, sak 134/08, slik fråsegn til søknad frå Sandalsfossen Kraft om bygging av Sandalsfossen kraftverk i Gloppen kommune:

”

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon blir gitt ut frå at dei økonomiske føremoner av tiltaket blir vurdert til å vere større enn ulempene. Kraftverket vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.
2. Fylkesutvalet legg vekt på at tiltakshavar legg opp til ei skånsom utnytting ved at:
 - berre 49% av tilsiget blir utnytta
 - minstevassføringa er stor nok til å bevare synsinntrykket av Sandalsfossen
 - terrenginngrepa i tilknytning til inntaksdammen er skånsomme gjennom god utnytting av naturgjevne føresetnader på staden
 - nettilknytninga blir løyst ved bruk av jordkabel.”

NVE av slo søknaden i brev dags. 12.11.09 og viser til at kriteria i vannressurslova § 25 ikkje er oppfylde. Der står at ”Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørsfeltet.” I eit vedlagt notat på 67 sider grunngir NVE vedtaket nærare. Der er opplyst at Sandalsfossen har eit fritt fall på 100-140 m og framstår som den flottaste fossen i Nordfjord. Det er knytt store landskapsverdiar til fossen, og den er viktig for friluftslivet og reiselivet. Ei utbygging vil medføre store konflikhtar med landskapsmessige og biologiske verdiar. I notatet er det difor konkludert med følgjande: ”Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelser mener NVE at fordelene og nytten av tiltaket ikke overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt. Kravet i vannressursloven § 25 er derfor ikkje tilfredsstilt.”

Fylkesutvalet handsama i møte den 7.12.09, sak 172, spørsmålet om klage over NVE sitt vedtak, og gjorde slikt vedtak:

”NVE sitt vedtak vert påklaga.”

Avvising av klaga

NVE har i brev dags. 21.12.09 avvist klaga frå fylkeskommunen, jfr vedlegg 1. NVE meiner at fylkeskommunen ikkje har klagerett sidan den ikkje er part i saka og heller ikkje har rettsleg klageinteresse. Det er elles opplyst at søkjaren sjølv ikkje har påklaga vedtaket, men har lagt fram eit alternativ som ikkje berører Sandalsfossen.

NVE sitt vedtak om avvising av fylkeskommunen si klage kan påklagast til Olje- og energidepartementet. Klagefristen er tre veker, og gjekk ut den 18.1.10. For å bryte klagefristen har fylkesrådmannen i brev dags. 18.1.10 sendt ei førebels klage til NVE. I brevet står følgjande:

” Vi viser til NVE sitt brev dags. 21.12.09 som er motteke her den 28.12.09. I brevet vert fylkeskommunen sin klage over NVE sitt vedtak av 12.11.09 avvist då NVE meiner at fylkeskommunen ikkje er part i saka.

Sogn og Fjordane fylkeskommunen påklagar herved NVE sitt vedtak om avvising då vi meiner at fylkeskommunen har rettsleg klageinteresse i saka. Vi vil kome attende med ei meir uttømande grunngiving for klaga. Det kan først skje etter at fylkesutvalet har handsama klaga i møte den 10.2.10.”

NVE har i brev dags. 21.1.10 vist til at det ser på fylkeskommunen sitt brev som ein søknad om utsett klagefrist, og gir difor utsett klagefrist til fylkesutvalet har handsama saka den 10.2.10, jfr vedlegg 2.

Vurdering og tilråding

I brevet dags. 21.1.10 minner NVE om at søkjaren sjølv ikkje har påklaga NVE sitt vedtak om avslag på søknaden, men har i staden lagt fram ei endringsmelding for Sandalsfossen kraftverk som vil bli handsama av NVE. Vidare opplyser NVE at dersom fylkeskommunen påklagar NVE sitt vedtak om avvising av klaga, må NVE utsetje handsaminga av endringsmeldinga inntil Olje- og energidepartementet har handsama klaga. Dette vil også kunne medføre utsetjing av idriftsetting av Timbra kraftverk som skal samlokalisere kraftverkaggregata med Sandalsfossen kraftverk.

Desse opplysningane viser at ei evt klage frå fylkeskommunen vil kunne få uheldige konsekvensar for Sandalsfossen kraftverk. Ei klage vil såleis neppe vere til nokon fordel for kraftverket, og det har då heller ikkje bedt om støtte i saka frå fylkeskommunen. Eg finn ut frå dette ikkje å kunne tilrå at fylkeskommunen påklagar NVE sitt vedtak av 21.12.09 om avvising av klaga.

Utgreiing om klagerett

Dersom fylkesutvalet likevel finn at det vil påklage vedtaket, er det eit krav at vedtaket må grunnleggjast.

Eg har i det følgjande utgreidd spørsmålet om klagerett for fylkeskommunen. Dette kan brukast som grunngeving for ei evt klage.

Det er først og fremst partane i ei sak som har klagerett over eit vedtak, jfr forvl. § 28. For å kunne reknast som part krevst det at vedkomande er ein person som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld, jfr forvl. § 2a). Dette kan vanskeleg seiast å vere tilfelle for fylkeskommunen. Fylkeskommunen er ikkje søkjar i saka og har ingen økonomiske interesser i kraftverket. Energilova § 2-1 gir fylkeskommunen, til liks med andre offentleg organ, fråsegnrett i slike konsesjonssaker.

Andre enn partane i ei sak kan likevel ha klagerett dersom dei kan seiast å ha rettsleg klageinteresse, jfr forvl § 28. Dette må vurderast konkret i kvart tilfelle. Fylkeskommunen har lenge hatt ei viktig rolle som regional utviklingsaktør, og denne rolla er blitt forsterka som følge av forvaltningsreforma som vart iverksett frå 1.1.10. Fylkeskommunen sitt ansvar og rolle er nedfelt i dei mange oppgåvene som fylkeskommunen har, som m.a. er friluftsförvaltning, vilt- og fiskeförvaltning, kulturminneförvaltning, vassförvaltning, havressursförvaltning, regional utvikling og planlegging, ansvar for folkehelsearbeidet, ansvar for verdiskaping i landbruket og næringsutvikling.

Ifølgje juridisk litteratur, m.a. Torstein Eckhoff og Eivind Smith si "Forvaltningsrett" Universitetsforlaget 2003, vil eit offentleg organ kunne ha klagerett som representant for innbyggjarane og for allmenne distriktsinteresser, eller når organet ut frå sine oppgåver naturleg kan oppfatast som representant for dei interessegruppene som vert berørt. Her er det kanskje først og fremst tenkt på saker der det er gjort vedtak som inneber fysiske inngrep i desse interessene. Eg ser det likevel slik at nekting av løyve til kraftutbygging kan vere eit inngrep i distriktsinteresser. Vidare vil ein fylkeskommune, ifølgje juridisk litteratur, kunne ha klagerett dersom eit vedtak direkte berører fylkeskommunen sitt saksområde. Dette er nedfelt i plan- og bygningslova § 1-9 når det gjeld plansaker. Det spør om kraftutbyggingssaker er å rekne som fylkeskommunen sitt saksområde. Fylkeskommunen si oppgåve etter dei ulike lovene som regulerer vasskraftutbygging, m.a. energilova, er å gi fråsegn til konsesjonssøknader.

Fylkeskommunen får hvert år svært mange slike saker til fråsegn, i 2009 handsama fylkesutvalet i alt 31 saker. Det må difor kunne hevdast at NVE sine vedtak i desse sakene berører fylkeskommunen sitt saksområde.